



Kartverket

Til kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane

Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 11/03115-

03.07.2014

Ark.: 326.12

Adresseprosjektet - Påminning

Det vert for tida gjennomført mykje godt arbeid med adresseprosjektet i mange kommunar, men mottekne meldingar og manglande meldingar, syner at arbeidet i enkelte kommunar enno ikkje har kome skikkeleg i gang, eller ikkje vert gjennomført i samsvar med gjeldande reglar. Me minner spesielt om at før vedtak vert gjort skal Stadnamntenesta gje tilråding om skrivemåten, sjå stadnamnlova § 6 første ledd siste setning.

Me minner og om at alle vedtak skal rapporterast til Kartverket med frist for klage og for registrering i Sentralt stadnamnregister, sjå stadnamnlova §§ 10 og 12.

"Adresseveilederen" med mykje godt hjelpemateriale, mellom anna eit sakshandsamings- og rapporteringsskjema, finn de her:

<http://www.kartverket.no/Eiendom-og-areal/Matrikkelen/Adresser/Kommunen-som-adressemyndighet/adresseveilederen/>

Ved arbeidet med dei enkelte namna er Sentralt stadnamnregister til stor nytte. Enkel tilgang finn de i "Se stedsnavn" , for tida under denne adressa:

<http://gammel.norgeskart.no//adaptive2/default.aspx?gui=100002&lang=2>

Elles må de gjerne ta kontakt med Kartverket Bergen tidleg i prosessen.

Kommunar som "har alt på stell" kan ta dette brevet som ei påskjøning for godt arbeid.

Med helsing

Kjetil Gjesdal
fylkeskartsjef

Åmund Fykse
stadnamnansvarleg